



Prosedyre ved større arrangement i Samnanger kommune

Ved større arrangement i Samnanger er det fleire ting å ta omsyn til for deg som arrangør. For å ta vare på helse, miljø, tryggleik til både deltagarar, arrangørar og andre, kan det vera behov for å melde frå til brannvesenet og mattilsynet, søke kommunen og politiet, og få løyve frå eigar av lokale/område kor arrangementet skal vera. Sjå òg *Rettleiar for større arrangement i Samnanger kommune*.

Kven skal ein kontakte?	Kva skal det meldast/søkast om?	Kor skal ein melde frå/søke?
Eigar av lokale/område	Løyve frå huseigar/grunneigar til lån/leige av lokale/område. Gjera seg kjend med rutine for utlån, og godkjent personkapasitet for lokalet/området.	Aktuell huseigar/grunneigar.
Politiet	Alle arrangement på offentleg plass, eller som er ålmant tilgjengeleg og kan medføra ordensproblem, skal meldast til politiet i god tid. Større arrangement «som openbart vil medføra behov for betydeleg ferdsselsregulering eller vakthald» er søkeradspliktig. Søke om politiattest ved behov.	Vest politidistrikt – Politiet.no Politiattest – Politiet.no
Bergen brannvesen	Ved større arrangement, eller overnatting i bygg der dette ikkje er vanleg, skal den ansvarlege melde frå til brannvesenet.	Bergen Kommune - Meldinger og bestillinger til brannvesenet
Samnanger kommune	Ein må søke kommunen om skjenkeløyve dersom ein skal servere eller selge alkohol i større, opne eller lukka arrangement.	Samnanger kommune - Serverings-, sals- og skjenkeløyve
Mattilsynet	Matsal som ikkje er av privat karakter skal registrerast hos Mattilsynet. Døme på matsal som skal meldast er messer, festivalar, bondens marknad etc. Skular og lag som sel pølser og kaker på 17. mai, loppemarknad etc. treng ikkje å registrere seg hos Mattilsynet.	Messer og festivaler Mattilsynet Kake- eller pølseselger for én dag Mattilsynet